



Etiske retningslinjer for Lærdal Idrettslag

Innleiing

Lærdal Idrettslag si oppgåve er å arbeide for at alle medlemene får høve til å drive idrett ut frå sine ønskjer og behov utan å verta diskriminerte på grunn av livssyn, seksuell orientering eller etnisk bakgrunn. Tillitsvalde, aktive og føresette er alle ansvarlege for at medlemene sine interesser vert tekne vare på ein god måte i laget.

LIL sine etiske retningslinjer skal vera uttrykk for den etiske standarden som skal gjelde for alle i laget. Alle har eit sjølvstendig ansvar for eigne handlingar, og alle skal ta avstand frå – og kjempa i mot – uetisk praksis. Særleg om dette gjeld handlingar som krenkjer nokon eller gjev føremoner til nokon på ikkje rettmessig måte.

Vår visjon; «På lag med bygdi», gjeld alle våre aktivitetar. Me skal opptre og stå fram som ryddige i alle våre handlingar, med følgjande hovudpunkt;

Open

I **LIL vil me** ha ein open kultur der det vert lagt til rette for at alle medlemene har påverknad, innsyn og forstår dei vegvala som vert gjort.

Ærleg

I **LIL vil me** opptre opent, ærleg og rettskaffent i møte med andre lag, konkurrentar, samarbeidspartnarar og kvarandre.

Lojal

I **LIL vil me** halda lover og retningslinjer som gjeld for idrettslaget, og forholda oss lojalt til dei vedtaka og vala som vert gjort.

Habilitet og rollar

I **LIL vil me** opptre upartisk og praktisere likebehandling. Personlege interesser og idrettslaget sine skal ikkje blandast.

Kritikkverdige tilhøve

I LIL vil me varsle om kritikkverdige tilhøve til nokon som kan hjelpe til at desse vert retta opp. Den som er varsla har ansvaret for å undersøkje og følgje opp saka.

Fortrulege opplysningar og informasjon

I LIL vil me handsama alle personopplysningar foreruleg. Melding om kritikkverdige tilhøve knytt til namngitte personar vert rekna som personalopplysningar, og skal handsamast foreruleg.

Mobbing og diskriminering

I LIL vil me arbeide imot ein kvar form for diskriminering og ventar at alle medlemane støttar opp om dette.

Rusmiddel

I LIL vil me at alle arrangement for born og unge under 18 år skal vera rusfrie. Deltaking på arrangement der det er tilgang til rusmiddel skal følgje norsk lov og sikre trygg deltaking for born og unge. Med rusmiddel meinast alkohol, tobakk, narkotika og dopingmidlar.

